



Overvaking av radioaktivitet i omgivnadene 2011

Resultat frå Strålevernet sine Radnett- og luftfilterstasjonar og frå
Sivilforsvaret si radiacmåleteneste



Referanse:

Møller B, Dyve J.E, Tazmini K. Overvaking av radioaktivitet i omgivnadene 2011. StrålevernRapport 2013:5. Østerås: Statens strålevern, 2013.

Emneord:

Overvaking. Luftovervaking. Radioaktivitet i omgivnadane. Luftfilterstasjoner. Målenettverk. Radnett. Radiacmåleteneste. Sivilforsvaret. Fukushima.

Resymé:

Rapporten inneheld beskriving og resultat frå Strålevernet sine Radnett- og luftfilterstasjoner og frå Sivilforsvaret si radiacmåleteneste i 2011.

Reference:

Møller B, Dyve J.E., Tazmini K. Monitoring of radioactivity in the environment 2011. StrålevernRapport 2013:5. Østerås: Norwegian Radiation Protection Authority, 2013. Language: Norwegian.

Key words:

Monitoring. Air monitoring. Airborne radioactivity. Airfilter stations. Monitoring network. Radnett. "Radiacmåletjeneste". The Norwegian Civil Defence. Fukushima.

Abstract:

The Report summarizes the data from Norwegian Radiation Protection Authority and The Norwegian Civil Defence monitoring programs for radioactivity in the environment in 2011. A short description of the systems is also presented.

Prosjektleder: Bredo Møller, Jan Erik Dyve.

Godkjent:



Per Strand, avdelingsdirektør, avdeling sikkerhet, beredskap og miljø

82 sider.

Utgitt: 2013-03-11.

Form, omslag: 07 Media.

Bestillast frå:

Statens strålevern, Postboks 55, No-1332 Østerås, Norge.

Telefon 67 16 25 00, faks 67 14 74 07.

E-post: nrpa@nrpa.no

www.nrpa.no

ISSN 1891-5191 (online)

Overvaking av radioaktivitet i omgivnadene 2011

Resultat frå Strålevernet sine Radnett- og luftfilterstasjonar og frå Sivilforsvaret si radiacmåleteneste

Bredo Møller
Jan Erik Dyve
Kasra Tazmini

Innhold

Samandrag	8
1 Innleiing	10
1.1 Radnett	10
1.2 Luftfilterstasjonane	12
1.3 Sivilforsvaret sine målepunkt	13
2 Måleresultat	14
2.1 Radnett	14
2.1.1 Longyearbyen	15
2.1.2 Mehamn	15
2.1.3 Hammerfest	16
2.1.4 Vardø	16
2.1.5 Sørkjosen	17
2.1.6 Tromsø	17
2.1.7 Karasjok	18
2.1.8 Svanhovd	18
2.1.9 Kautokeino	19
2.1.10 Harstad	19
2.1.11 Svolvær	20
2.1.12 Bodø	20
2.1.13 Mo i Rana	21
2.1.14 Brønnøysund	21
2.1.15 Snåsa	22
2.1.16 Hitra	22
2.1.17 Trondheim	23
2.1.18 Molde	23
2.1.19 Runde	24
2.1.20 Dombås	24
2.1.21 Drevsjø	25
2.1.22 Førde	25
2.1.23 Hamar	26
2.1.24 Hol	26
2.1.25 Bergen	27
2.1.26 Kjeller	27
2.1.27 Oslo	28
2.1.28 Vinje	28
2.1.29 Halden	29
2.1.30 Stavern	29
2.1.31 Stavanger	30
2.1.32 Kilsund	30
2.1.33 Lista	31
2.2 Luftfilterstasjonar	32
2.2.1 Østerås	33
2.2.2 Sola	34
2.2.3 Svanhovd	35
2.2.4 Skibotn	36
2.2.5 Viksjøfjell	37
2.3 Sivilforsvaret sine målepatruljar	38

2.3.1 Aust-Agder Sivilforsvarsdistrikt	39
2.3.2 Buskerud Sivilforsvarsdistrikt	39
2.3.3 Hedmark Sivilforsvarsdistrikt	39
2.3.4 Hordaland Sivilforsvarsdistrikt	39
2.3.5 Midtre-Hålogaland Sivilforsvarsdistrikt	40
2.3.6 Møre og Romsdal Sivilforsvarsdistrikt	40
2.3.7 Nordland Sivilforsvarsdistrikt	40
2.3.8 Nord-Trøndelag Sivilforsvarsdistrikt	40
2.3.9 Oppland Sivilforsvarsdistrikt	41
2.3.10 Oslo og Akershus Sivilforsvarsdistrikt	41
2.3.11 Rogaland Sivilforsvarsdistrikt	41
2.3.12 Sogn og Fjordane Sivilforsvarsdistrikt	41
2.3.13 Sør-Trøndelag Sivilforsvarsdistrikt	42
2.3.14 Telemark Sivilforsvarsdistrikt	42
2.3.15 Troms Sivilforsvarsdistrikt	42
2.3.16 Vest-Agder Sivilforsvarsdistrikt	42
2.3.17 Vest-Finnmark Sivilforsvarsdistrikt	43
2.3.18 Vestfold Sivilforsvarsdistrikt	43
2.3.19 Øst-Finnmark Sivilforsvarsdistrikt	43
2.3.20 Østfold Sivilforsvarsdistrikt	43
2.4 Målinger frå den norske ambassaden i Tokyo	44
3 Konklusjon og diskusjon	45
3.1 Radnett	45
3.2 Luftfilterstasjonar	46
3.3 Sivilforsvaret sine målepatruljar	48
3.4 Målinger frå den norske ambassaden i Tokyo	49
Referansar	50
Vedlegg 1: Måledata frå Sivilforsvaret – etter distrikt	51
Vedlegg 2: Andre måledata	71
Vedlegg 3: Luftfilterdata i samband med Fukushima-ulykka	76

Samandrag

Automatisk målenettverk – Radnett

Statens strålevern har ansvaret for eit landsdekkjande varslingsnettverk av 33 stasjonar som kontinuerleg måler radioaktivitet i omgivnadene. Nettverket blei etablert i åra etter Tsjernobyl-ulykka i 1986, og blei oppgradert og modernisert i perioden 2006–2010. I 2011 var 32 stasjonar operative. Stasjonen på Drevsjø var ute av drift heile perioden på grunn av problem med straumleveranse.

Formålet med målenettverket er å gi tidleg varsel i tilfelle eit ukjent radioaktivt utslepp rammar Noreg. Vidare vil målingane frå nettverket vere ein viktig del av beslutningsgrunnlaget til Kriseutvalget for atomberedskap i ein tidlig fase etter eit utslepp.

Resultata frå Radnett for 2011 viser ingen unormale verdiar. Utsleppet frå Fukushima i Japan blei ikkje målt på nokon av stasjonane. Dette var som forventta fordi konsentrasjonane av radioaktive stoff i luftmassane over Noreg var for låge til å gi utslag.

Felles for dei stasjonane som er plasserte nær bakkenivå, er at stråleintensiteten er lågare i vintermånadene samanlikna med sommarmånadene. Grunnen til dette er snø på bakken som dempar stråling frå grunnen. Variasjonen i det totale strålenivået frå stasjon til stasjon skuldast lokale forhold som førekomstar av naturleg radioaktivitet i bakken og omgivnadene [1].

Ein kan ofte sjå ein auke i stråleintensiteten over kort tid. Grunnen til dette er utvasking av naturleg radon og radondøtrer frå omgivnadene. Dette skjer under kraftige regnskyll der kortliva radondøtrer blir vaska ned til bakken og er årsak til såkalla ”radontoppar”. På grunn av den korte halveringstida til radondøtrene er doseraten tilbake på normalt nivå få timar etter regnskyll. Desse kortvarige forhøgningane i doseratenivå kan lesast i plotta som sporadiske spisse toppar.

Det blei handtert fem alarmer i 2011. To av desse skuldast teknisk feil. To av alarmane skuldast kortvarig auke av nivåa på stasjonen på Kjeller. Utslaga var så låge at det ikkje var behov for større oppfølging. Siste alarmen skuldast radonutvasking.

Luftfilterstasjonar

Statens strålevern har i dag fem luftfilterstasjonar. Tre er plasserte i nord og to i sør. Stasjonane er viktige for kartlegging av radioaktivitet i luft og for å vurdere storleik på og samansetnad av utslepp ved uhell og ulykker. Tilsvarande stasjonar finst i heile Europa, og samarbeid mellom landa gjer det mogleg å spore eventuelle utslepp av radioaktive stoff.

Rapporten omfattar antropogene¹ nuklidar som er påvist i 2011 der cesium-137 (Cs-137) og jod-131 (I-131) er spesielt omtala i samband med Fukushima-ulykka. I tillegg blei ei rekkje andre nuklidar påvist i samband med den nemnde ulykka, og desse er presenterte i tabellform i eige vedlegg.

Med unntak av Fukushima-ulykka er kjelda til Cs-137 i all hovudsak nedfallet etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 og nedfallet etter dei atmosfæriske prøvesprengingane på 50- og 60-talet på Novaja Semlja.

På grunn av den lange halveringstida si (30 år) måler ein i dag Cs-137 meir eller mindre overalt i miljøet, medan I-131 med ei halveringstid på 8 dagar berre kan påvisast dersom eit relativt ferskt utslepp har skjedd. I 2011 blei det påvist to tilfelle av I-131 i luft over Noreg. Den eine gongen var

¹ Menneskeskapt eller «ikkje-naturleg»

etter Fukushima-ulykka i mars, og den andre gongen var etter eit utslepp frå eit farmasøytisk firma i Ungarn i november.

Den første påvisinga av radioaktivitet i luft over Noreg etter Fukushima-ulykka er anslått til 20. mars 2011, dvs. ni dagar etter ulykka i Japan – og ein kunne måle radioaktive stoff i luft fram til 20. juni 2011. I alt blei det påvist åtte nuklidar i samband med ulykka, der I-131 var det første som blei oppdaga, og Cs-134 var det siste som forsvann.

Det største avviket for Cs-137 frå normalnivået blei funne på eit dagsfilter frå Svanhovd i perioden 1.–2. april ($370 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$). Gjennom heile denne veka (veke 13-2011) blei det i gjennomsnitt målt rundt $160 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ som svarer til rundt 500 gonger gjennomsnittsverdien gjennom eit normalår for denne stasjonen. Dei fire andre luftfilterstasjonane hadde også sine toppnoteringar denne veka, alle med verdiar mellom $100 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ og $120 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.

Når det gjeld I-131, blei det påvist mest på eit dagsfilter (partikkelfilter) frå Østerås i perioden 30.–31. mars ($2800 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$). To dagar seinare hadde Svanhovd si toppnotering med $1900 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Til samanlikning blei det etter Tsjernobyl-ulykka målt $2200 \text{mBq}/\text{m}^3$ ved Østerås (29. april 1986), dvs. målingane etter Fukushima-ulykken ligg rundt ein promille (tusendel) av det som blei målt under Tsjernobyl.

Dei forhøga verdiane frå luftfilterstasjonane har inga helse- eller miljømessig betyding.

Sivilforsvaret sine målepatruljer

Sivilforsvaret har 126 målepatruljar spreidd over heile landet. Patruljane gjennomfører målingar 3–4 gonger i året på faste målepunkt for å kartleggje bakgrunnsstrålinga i Noreg og for å halde ved lag beredskapen. Måledata frå rundt 350 målepunkt blir rapportert inn til Strålevernet. Det er resultat frå desse faste målingane som blir presenterte i denne rapporten.

Totalt blei det rapportert inn 782 måleresultat i 2011 (681 i 2010). Alle distrikta med unntak av Vestfold rapporterte måleresultat i 2011. Hedmark sivilforsvarsdistrikt rapporterte flest målingar med 88 resultat frå sine 8 patruljar.

Østfold er fylket med høgast gjennomsnitt på sine referansemålingar, og Troms er fylket med lågast gjennomsnitt. Ingen av resultatane frå 2011 blir sett på som unormalt høge i forhold til naturleg radioaktiv bakgrunn.

Målingar frå den norske ambassaden i Tokyo

Som følge av Fukushima-ulykka blei det sendt eit måleinstrument til ambassaden i Tokyo for å gjennomføre målingar utanfor ambassadebygget. Formålet med desse målingane var å gi dei tilsette på ambassaden oversikt over situasjonen i Tokyo med tanke på eiga sikkerheit, og i tillegg gi informasjon til nordmenn i Japan.


Målingane blei gjennomførte frå 17. mars 2011 (6 dagar etter ulykka) til 12. juli 2012 – i alt 224 målingar. Dei høgaste verdiane blei målt i perioden frå 17. mars til 11. april 2011 med $0,28 \mu\text{Sv}/\text{h}$ som høgaste verdi. Deretter sakk nivåa ned mot bakgrunnsnivå på $0,07 \mu\text{Sv}/\text{h}$.

1 Innleiing

1.1 Radnett

Statens strålevern har ansvaret for eit landsdekkjande varslingsnettverk av 33 stasjonar som kontinuerleg måler radioaktivitet i omgivnadene. Nettverket blei etablert i åra etter Tsjernobyl-ulykka i 1986, og blei oppgradert og modernisert i perioden 2006–2008. I 2010 blei nettverket utvida med fem nye stasjonar. Desse er Runde, Hitra, Svolvær, Sørkjosen og Kautokeino. Formålet med målenettverket er å gi eit tidleg varsel i tilfelle eit ukjent radioaktivt utslepp rammar Noreg. Vidare vil målingane frå nettverket vere ein viktig del av beslutningsgrunnlaget til Kriseutvalget for atomberedskap i ein tidlig fase etter eit utslepp.

Ein stasjon består av to utvendige detektorar og ein dataloggar plassert i eit skap. Detektorane er anten plasserte på ei tre meter høg mast som står på bakken, eller på bygningar. Den eine detektoren måler radioaktivitet i omgivnadene, den andre detektoren er ein nedbørssensor som registrerer om det er nedbør eller ikkje. Dette gir verdifull informasjon ved ei hending då bakken blir meir forureina av radioaktivitet når det er nedbør. Nedbørsinformasjonen er også nødvendig for å verifisere alarmer som skuldast radonutvasking.



Figur 1: Kartet til venstre viser kor målestasjonane er plasserte. Biletet til høgre er målestasjonen i Longyearbyen på Svalbard (Foto: Statens strålevern).

Figur 1 viser kart over lokaliteten til dei 33 automatiske målestasjonane i Noreg. Dei er fordelt med minimum ein i kvart fylke og ein på Svalbard. Finnmark har seks stasjonar pga. storleiken sin og nærleiken til Nordvest-Russland. Tabell 1 på neste side listar opp alle stasjonane med stad, posisjon, fysisk plassering og når dei blei sette i drift. Plasseringa er angitt med bakkenivå for stasjonar som står

på bakken, og bygning for stasjonar som er plasserte på bygningstak e.l. Detaljert framstilling av Radnett finst i rapporten for 2007 [2] og i tillegg i Strålevernsinfo 01:2009 [3].

Tabell 1: Liste over alle Radnett-stasjonane med stad, posisjon, plassering og dato for når dei blei sette i drift.

Stad (fylke)	Posisjon	Plassering	I drift
Longyearbyen (Svalbard)	78° 13' N, 15° 37' Ø	Bakkenivå	September 2006
Mehamn (Finnmark)	71° 01' N, 27° 49' Ø	Bakkenivå	Oktober 2006
Hammerfest (Finnmark)	70° 40' N, 23° 39' Ø	Bygning	Oktober 2006
Vardø (Finnmark)	70° 22' N, 31° 05' Ø	Bakkenivå	Januar 2007
Sørkjosen (Troms)	69° 35' N, 20° 58' Ø	Bygning	April 2010
Tromsø (Troms)	69° 39' N, 18° 56' Ø	Bakkenivå	Oktober 2006
Karasjok (Finnmark)	69° 28' N, 25° 31' Ø	Bakkenivå	September 2006
Svanhovd (Finnmark)	69° 27' N, 30° 02' Ø	Bakkenivå	September 2006
Kautokeino (Finnmark)	69° 35' N, 25° 19' Ø	Bakkenivå	April 2010
Harstad (Troms)	68° 48' N, 16° 32' Ø	Bakkenivå	Oktober 2006
Svolvær (Nordland)	68° 13' N, 14° 35' Ø	Bygning	Mai 2010
Bodø (Nordland)	67° 17' N, 14° 23' Ø	Bygning	Januar 2007
Mo i Rana (Nordland)	66° 18' N, 14° 08' Ø	Bygning	Desember 2006
Brønnøysund (Nordland)	65° 27' N, 12° 12' Ø	Bakkenivå	November 2006
Snåsa (Nord-Trøndelag)	64° 14' N, 12° 23' Ø	Bakkenivå	Januar 2007
Hitra (Sør-Trøndelag)	63° 38' N, 08° 41' Ø	Bakkenivå	August 2010
Trondheim (Sør-Trøndelag)	63° 24' N, 10° 28' Ø	Bakkenivå	November 2006
Molde (Møre og Romsdal)	62° 45' N, 07° 12' Ø	Bakkenivå	November 2006
Runde (Møre og Romsdal)	62° 23' N, 05° 39' Ø	Bakkenivå	Mars 2010
Dombås (Oppland)	62° 04' N, 09° 07' Ø	Bakkenivå	Desember 2006
Drevsjø (Hedmark)	61° 53' N, 12° 02' Ø	Bakkenivå	Oktober 2006
Førde (Sogn og Fjordane)	61° 27' N, 05° 50' Ø	Bakkenivå	April 2007
Hamar (Hedmark)	60° 49' N, 11° 04' Ø	Bakkenivå	Oktober 2006
Hol (Buskerud)	60° 34' N, 08° 24' Ø	Bakkenivå	Januar 2007
Bergen (Hordaland)	60° 23' N, 05° 20' Ø	Bygning	Oktober 2006
Kjeller (Akershus)	59° 58' N, 11° 03' Ø	Bakkenivå	August 2007
Oslo (Oslo)	59° 56' N, 10° 43' Ø	Bakkenivå	August 2006
Vinje (Telemark)	59° 36' N, 07° 51' Ø	Bakkenivå	Oktober 2006
Halden (Østfold)	58° 59' N, 11° 31' Ø	Bygning	Februar 2008
Stavern (Vestfold)	58° 59' N, 10° 02' Ø	Bakkenivå	November 2007
Stavanger (Rogaland)	58° 57' N, 05° 43' Ø	Bakkenivå	Mars 2007
Kilsund (Aust-Agder)	58° 31' N, 08° 54' Ø	Bakkenivå	August 2006
Lista (Vest-Agder)	58° 07' N, 06° 33' Ø	Bakkenivå	Mai 2007


1.2 Luftfilterstasjonane

Statens strålevern har i dag fem luftfilterstasjonar. Tre er plasserte i nord og to i sør. Figur 2 viser kart over lokaliteten, og tabell 2 viser posisjon og året dei blei sette i drift. Stasjonane er viktige for å kartleggje radioaktivitet i luft og for å vurdere storleik på og samansetnad av utslepp ved uhell og ulykker. Tilsvarande stasjonar finst i heile Europa, og samarbeidet mellom landa gjer det mogleg å spore eventuelle utslepp av radioaktive stoff.

Alle luftfilterstasjonane har same prinsipp for å ta prøver av luft, men varierer noko i kapasitet og effektivitet. Felles for alle stasjonane er at store mengder luft blir pumpa gjennom eit spesialfilter med høg tettleik der små partiklar (aerosolar) blir fanga opp. Filteret blir skifta kvar veke og sendt til Strålevernet sine laboratorium for analyse.

Nokre av luftfilterstasjonane er også utstyrte med eit spesialimpregnert kolfilter som tek opp radioaktivt jod i gassform. Kolfilteret blir bytta kvar månad og analysert i dei tilfella der radioaktivt jod blir påvist på partikkelfilteret, eller når ein har mistanke om at det er skjedd eit utslepp.

Det blir vist til tidligare utgitte rapport som beskriv luftfilterstasjonane og analysane i detalj [4].



Figur 2: Kartet til venstre viser kor luftfilterstasjonane er plasserte. Biletet til høgre viser luftfilterstasjonen på Svanhovd (Foto: Statens strålevern).


Tabell 2: Liste over luftfilterstasjonar med stad, posisjon og dato for når dei blei sette i drift

Stad	Posisjon	I drift
Østerås (hovudkontor, Statens strålevern)	59° 55' N, 10° 33' Ø	1980 (ny i 2009)
Stavanger (Sola flystasjon)	58° 52' N, 05° 37' Ø	2002
Skibotn (ved Lyngenfjorden)	69° 22' N, 20° 17' Ø	1990
Viksjøfjell (Forsvaret sin stasjon i Kirkenes)	69° 36' N, 30° 44' Ø	1995
Svanhovd (Strålevernet si beredskapseining)	69° 28' N, 30° 03' Ø	1993

1.3 Siviltforsvaret sine målepunkt

Siviltforsvaret si målepatruljeteneste, radiactenesta, er ein viktig del av norsk atomberedskap bl.a. for å sikre gode referansemålingar (bakgrunnsmålingar) av radioaktivitet i omgivnadene. Patruljane inngår i den nasjonale måleberedskapen og utfører regelmessige bakgrunnsmålingar på rundt 350 faste målepunkt. Hensikta med målingane er å kartleggje normalsituasjon, og for å halde ved lag måleberedskapen. Figur 3 viser kart over rapporterte målepunkt i 2011.

Det er oppretta 126 patruljar på landsbasis fordelt på 20 distrikt. Tabell 3 viser ei oversikt over talet på aktive patruljar i kvart distrikt. Dei er organiserte med éin patruljeførar, to mannskap og éin reserve. Utover dei faste regelmessige målingane blir patruljane aktivisert på førespurnad frå Kriseutvalget for atomberedskap, fylkesmennene eller dei lokale nødetatane i sivilforsvarsdistriktet.



Figur 3: Kartet til venstre viser posisjonar der det blei rapportert referansemåling i 2011. Biletet viser ein patrulje i Sør-Varanger som utfører ei måling (Foto: Siviltforsvaret).

Tabell 3: Oversikt over tal på aktive patruljar i distrikta som gjennomførte bakgrunnsmålingar i 2011, og i tillegg det totale talet på patruljar i distriktet

Distrikt	Tal på patruljar	
	2011	Totalt
Aust-Agder	3	3
Buskerud	7	7
Hedmark	8	8
Hordaland	7	8
Midtre-Hålogaland	5	7
Møre og Romsdal	6	7
Nordland	6	6
Nord-Trøndelag	7	7
Oppland	7	7
Oslo og Akershus	6	7

Distrikt	Tal på patruljar	
	2011	Totalt
Rogaland	6	6
Sogn og Fjordane	5	6
Sør-Trøndelag	6	6
Telemark	4	7
Troms	6	7
Vest-Agder	3	3
Vest-Finnmark	6	6
Vestfold	0	4
Øst-Finnmark	6	8
Østfold	6	6

2 Måleresultat

2.1 Radnett

Ein Radnett-stasjon måler stråling i omgivingane. Målingane er oppgitt i eininga doserate ($\mu\text{Sv/h}$). Dose er ein storleik som beskriv kor mykje skade stråling påfører menneskekroppen². Eininga til dose er sievert og har nemninga Sv. Doserate er dose per tidseining og blir angitt med eininga sievert i timen som har nemninga Sv/h. Målingane frå Radnett er angitt i mikrosievert i timen ($\mu\text{Sv/h}$)³. Normalt ligg doseraten rundt $0,1 \mu\text{Sv/h}$ som inkluderer bidrag frå naturleg radioaktivitet i bakken og lufta og frå kosmisk stråling.

De fleste stasjonane er plasserte på bakkenivå, og for desse kjem årstidsvariasjon tydelegare fram enn for dei som er plasserte på ein bygning. Dette skuldast at bakken inneheld naturleg radioaktivitet [1]. Når snøen legg seg, vil han skjerme for strålinga frå bakken, og stasjonen måler mindre. Derfor vil målestasjonar som står på bakken, måle lågare verdiar om vinteren enn om sommaren.


Radontoppar er eit fenomen der ein kan sjå ein auke i strålenivåa over kort tid. Dette skuldast utvasking av radondøtrer frå omgivingane. Dette skjer typisk under kraftige regnskyll der kortliva radondøtrer blir vaska ned på bakken og forårsakar radontoppar. På grunn av den korte halveringstida har desse ei avgrensa varigheit på nokre timar, og kan lesast i plottane som sporadiske spisse toppar.

På dei neste sidene følgjer gjennomsnittverdi per time gjennom året for kvar stasjon sortert frå nord til sør, med ein kort kommentar til måleresultata. Radontoppar går igjen i alle plotta og blir ikkje kommentert nærmare utover det som er nemnt over.

² Stasjonen er kalibrert mot storleiken ambient dose equivalent $H^*(10)$.

³ $1 \text{ Sv/h} = 1\,000\,000 \mu\text{Sv/h}$


2.1.1 Longyearbyen



Figur 1: Timemidla doserate for målestasjonen i Longyearbyen 2011

Stasjonen i Longyearbyen viser normal årstidsvariasjon.


2.1.2 Mehamn



Figur 5: Timemidla doserate for målestasjonen i Mehamn 2011

Stasjonen i Mehamn viser normal årstidsvariasjon. Det er ingen data i perioden mars–mai på grunn av storm som blåste målestasjonen over ende, detektoren blei øydelagt og måtte byttast. Målestasjonen blei etter dette flytta til ein lunare stad.


2.1.3 Hammerfest



Figur 6: Timemidla doserate for målestasjonen i Hammerfest 2011

Stasjonen i Hammerfest er plassert på eit tak høgt over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon.


2.1.4 Vardø



Figur 7: Timemidla doserate for målestasjonen i Vardø 2011

Stasjonen i Vardø viser normal årstidsvariasjon.


2.1.5 Sørkjosen



Figur 8: Timemidla doserate for målestasjonen i Sørkjosen 2011

Stasjonen i Sørkjosen viser normal årstidsvariasjon.


2.1.6 Tromsø



Figur 9: Timemidla doserate for målestasjonen i Tromsø 2011

Stasjonen i Tromsø viser normal årstidsvariasjon.


2.1.7 Karasjok



Figur 10: Timemidla doserate for målestasjonen i Karasjok 2011

Stasjonen i Karasjok viser normal årstidsvariasjon.


2.1.8 Svanhovd



Figur 11: Timemidla doserate for målestasjonen på Svanhovd 2011

Stasjonen på Svanhovd viser normal årstidsvariasjon.


2.1.9 Kautokeino



Figur 12: Timemidla doserate for målestasjonen i Kautokeino 2011

Stasjonen i Kautokeino viser normal årstidsvariasjon. Databrotet i august skuldast ein teknisk feil på målestasjonen.


2.1.10 Harstad



Figur 13: Timemidla doserate for målestasjonen i Harstad 2011

Stasjonen i Harstad viser normal årstidsvariasjon.


2.1.11 Svolvær



Figur 14: Timemidla doserate for målestasjonen i Svolvær 2011

Stasjonen i Svolvær er plassert på ein bygning høgt over bakkenivå og viser derfor ingen årstidsvariasjon.


2.1.12 Bodø



Figur 15: Timemidla doserate for målestasjonen i Bodø 2011

Stasjonen i Bodø er plassert på ein bygning og viser derfor ingen årstidsvariasjon.


2.1.13 Mo i Rana



Figur16: Timemidla doserate for målestasjonen i Mo i Rana 2011

Stasjonen i Mo i Rana er plassert på ein bygning høgt over bakkenivå og viser ingen årstidsvariasjon.


2.1.14 Brønnøysund



Figur 17: Timemidla doserate for målestasjonen i Brønnøysund 2011

Stasjonen i Brønnøysund viser ingen spesiell årstidsvariasjon.


2.1.15 Snåsa



Figur 18: Timemidla doserate for målestasjonen på Snåsa 2011

Målestasjonen på Snåsa har den tydelegaste årstidsvariasjonen av alle stasjonane i 2011.


2.1.16 Hitra



Figur 19: Timemidla doserate for målestasjonen på Hitra 2011

Stasjonen på Hitra viser ingen årstidsvariasjon. Databrotet i desember skuldast ein storm som blåste målestasjonen over ende, dette medførte brot på kabel som måtte byttast.


2.1.17 Trondheim



Figur 20: Timemidla doserate for målestasjonen i Trondheim 2011

Stasjonen i Trondheim viser normal årstidsvariasjon.


2.1.18 Molde



Figur 21: Timemidla doserate for målestasjonen i Molde 2011

Stasjonen i Molde viser normal årstidsvariasjon. Databrotet i mai skuldast ein teknisk feil på målestasjonen etter ei oppgradering.


2.1.19 Runde



Figur 22: Timemidla doserate for målestasjonen på Runde 2011

Stasjonen på Runde viser ingen årstidsvariasjon.


2.1.20 Dombås



Figur 23: Timemidla doserate for målestasjonen på Dombås 2011

Stasjonen på Dombås viser normal årstidsvariasjon.


2.1.21 Drevsjø



Figur 24: Timemidla doserate for målestasjonen på Drevsjø 2011

Stasjonen på Drevsjø var ute av drift i heile 2011 på grunn av problem med straumforsyning. Stasjonen var tilbake i drift hausten 2012.


2.1.22 Førde



Figur 25: Timemidla doserate for målestasjonen i Førde 2011

Stasjonen i Førde viser normal årstidsvariasjon.


2.1.23 Hamar



Figur 26: Timemidla doserate for målestasjonen i Hamar 2011

Stasjonen i Hamar viser normal årstidsvariasjon.


2.1.24 Hol



Figur 27: Timemidla doserate for målestasjonen i Hol 2011

Stasjonen i Hol viser normal årstidsvariasjon.


2.1.25 Bergen



Figur 28: Timemidla doserate for målestasjonen i Bergen 2011

Stasjonen i Bergen er plassert på ein bygning høgt over bakkenivå og viser derfor ingen årstidsvariasjon.


2.1.26 Kjeller



Figur 29: Timemidla doserate for målestasjonen på Kjeller 2011

Stasjonen på Kjeller viser normal årstidsvariasjon.


2.1.27 Oslo



Figur 30: Timemidla doserate for målestasjonen i Oslo 2011

Stasjonen i Oslo viser normal årstidsvariasjon.


2.1.28 Vinje



Figur 31: Timemidla doserate for målestasjonen i Vinje 2011

Stasjonen i Vinje viser normal årstidsvariasjon.


2.1.29 Halden



Figur 32: Timemidla doserate for målestasjonen i Halden 2011

Stasjonen i Halden viser normal årstidsvariasjon.


2.1.30 Stavern



Figur 33: Timemidla doserate for målestasjonen i Stavern 2011

Stasjonen i Stavern viser normal årstidsvariasjon.


2.1.31 Stavanger



Figur 34: Timemidla doserate for målestasjonen i Stavanger 2011

Stasjonen i Stavanger viser ingen årstidsvariasjon.


2.1.32 Kilsund



Figur 35: Timemidla doserate for målestasjonen i Kilsund 2011

Stasjonen i Kilsund viser normal årstidsvariasjon. Det korte databrotet i november skyldast ei mus som hadde gnaga på straumleidninga, og stasjonen gjekk etter kvart tom for batteri.

2.1.33 Lista



Figur 36: Timemidla doserate for målestasjonen på Lista 2011

Stasjonen på Lista viser ingen årstidsvariasjon.

2.2 Luftfilterstasjonar

Alle luftfilterstasjonane har same prinsipp for å ta prøver av luft, men varierer i kapasitet og effektivitet. Felles for alle stasjonane er at store mengder luft blir pumpa gjennom eit spesialfilter med høg tettleik der små partiklar i lufta (aerosolar) blir fanga opp. Filteret blir bytta kvar veke og blir analysert med høgoppløyselig gammaspektrometri for å identifisere og kvantifisere radioaktive stoff i lufta. Luftfilterstasjonane går kontinuerleg og har ei oppetid på rundt 98 %, der drifta berre blir avbroten av planlagt service, korte staumbrot og under skifte av filter.

Nokre av luftfilterstasjonane er også utstyrt med eit spesialimpregnert kolfilter⁴ som tek opp radioaktivt jod i gassform. Kolfilteret blir bytta kvar månad og blir analysert i dei tilfella der radioaktivt jod blir påvist på partikkelfilteret, eller når ein har mistanke om at det er skjedd eit utslepp.

Resultata frå luftfilterstasjonane er midla over éi veke der kvart vekeresultat er gitt ei usikkerheit som er den same gjennom heile året. Usikkerheita er oppgitt med ein dekningsfaktor på 2σ (95 % konfidensnivå). Raud vertikal stipla linje i grafane markerer eit teknisk avvik ved luftfilterstasjonen, dvs. at eit filter ikkje har kunna blitt analysert av ulike årsaker. Det er også oppgitt ei deteksjonsgrense som er markert med ei blå horisontal linje i kvar figur.

Målingane er oppgitte i eininga for radioaktivitet per eigna volumeining. Eininga til radioaktivitet er becquerel og blir forkorta Bq. Éin becquerel er definert som éin desintegrasjon (også kalla kjerneomdanning) per sekund. Målingane frå luftfilterstasjonane er angitt i mikrobecquerel per kubikkmeter ($\mu\text{Bq}/\text{m}^3$)⁵.

På grunn av Fukushima-ulykka blei det gjort hyppigare filterskifte ved Svanhovd, på Østerås og på Sola enn normalt. Det blei dagleg skifta luftfilter ved alle dei tre stasjonane over fire veker før ein gjekk tilbake til normal frekvens med eitt skifte per veke. Stasjonane på Østerås og på Svanhovd har kolfilter, og desse blei også bytta dagleg i perioden med intensivt luftovervakning. Ved Skibotn og Viksjøfjell heldt ein ved lag normalt filterskifte ein gong i veka.


I vedlegg 3 finst måleverdiane for alle nuklidane som blei påviste etter Fukushima-ulykka for kvar luftfilterstasjon.

På dei neste sidene følgjer årsploTT frå kvar luftfilterstasjon for Cs-137, i tillegg følgjer plott for I-131 for den perioden jod blei påvist etter Fukushima-ulykka. Ein kort kommentar følgjer kvar graf.

⁴ TEDA-impregnert kolfilter som består av 95 % aktivt kol, 2,5 % kaliumjodid og 2,5 % trietylendiamin


⁵ $1 \text{ Bq}/\text{m}^3 = 1\,000\,000 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$

2.2.1 Østerås



Figur 37: Førekost av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Østerås – log skala


Cs-137 blei funne på 92 % av filtera i 2011. Første påvising av Cs-137 på Østerås etter Fukushima-ulykka var i veke 12 med ein gjennomsnittsverdi på $36 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Den høgaste døgnverdien etter ulykka blei notert 30. mars med $312 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$, gjennomsnittsverdien for denne veke var $121 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.



Figur 38: Førekost av I-131 på luftfilterstasjonen på Østerås


Luftfilterstasjonen på Østerås er utstyrt med eit spesialimpregnert kolfilter som tek opp radioaktivt jod i gassform. Første påvising av radioaktivt jod ved Østerås var 22. mars, og det radioaktive stoffet blei påvist heilt fram til 16. mai, nesten to månader seinare. Toppnoteringa var 29. mars med totalt rundt $13000 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.

2.2.2 Sola



Figur 40: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Sola – log skala


Cs-137 blei funne på 63 % av filtera i 2011. Første påvising av Cs-137 ved Sola etter Fukushima-ulykka var i veke 12 med ein gjennomsnittsverdi på $10 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Den høgaste døgnerverdien etter ulykka blei notert 29. mars med $227 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$, gjennomsnittsverdien for denne veka var $102 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.



Figur 41: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen på Sola


Luftfilterstasjonen ved Sola er ikkje utstyrt med kolfilter, og verdiane over er frå partikkelfilter. Også ved denne stasjonen blei det gjort daglege filterskifte gjennom fire veker. Første påvising av radioaktivt jod på Sola var i perioden 19.–21. mars, og det radioaktive stoffet blei påvist fram til 13. mai, litt under to månader seinare. Toppnoteringa var 29. mars med totalt rundt $2600 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ på partikkelfilteret.

2.2.3 Svanhovd



Figur 42: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Svanhovd – log skala


Cs-137 blei funne på 70 % av filtera i 2011. Første påvising av Cs-137 ved Svanhovd etter Fukushima-ulykka var i veke 12 med ein gjennomsnittsverdi på $10 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Den høgaste døgnverdien etter ulykka blei notert 1. april med $371 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$, gjennomsnittsverdien for denne veka var $164 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.



Figur 43: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen på Svanhovd


Luftfilterstasjonen på Svanhovd er som for Østerås også utstyrt med kolfilter som tek opp radioaktivt jod i gassform. Første påvising av radioaktivt jod ved Svanhovd var i perioden 14.–21. mars, og det radioaktive stoffet blei påvist heilt fram til 23. mai, litt over to månader seinare. Toppnoteringa var 31. mars med totalt rundt $6000 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.

2.2.4 Skibotn



Figur 44: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen i Skibotn – log skala


Cs-137 blei funne på 48 % av filtera i 2011. Første påvising av Cs-137 i Skibotn etter Fukushima-ulykka var i veke 12 med ein gjennomsnittsverdi på $7 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Den høgaste vekeverdien blei notert veka etter med $118 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.



Figur 45: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen i Skibotn


Luftfilterstasjonen ved Skibotn i Troms er av eldre dato og har ikkje kolfilter. Normal frekvens på filterskifte blei halde ved lag, og verdiane i figuren over er frå veke 11 til veke 19. Første påvising av radioaktivt jod ved Skibotn var i perioden 14.–21. mars, og det radioaktive stoffet blei påvist fram til 16. mai, rundt to månader seinare også for denne stasjonen. Toppnoteringa var i veke 13 med ein vekeverdi på rundt $500 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.

2.2.5 Viksjøfjell



Figur 46: Førekomst av Cs-137 på luftfilterstasjonen på Viksjøfjell – log skala

Cs-137 blei funne på 51 % av filtera i 2011. Første påvising av Cs-137 ved Skibotn etter Fukushima-ulykka var i veke 12 med ein gjennomsnittsverdi på $4 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Den høgaste vekeverdien blei notert to veker seinare med $122 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.



Figur 47: Førekomst av I-131 på luftfilterstasjonen på Viksjøfjell

Luftfilterstasjonen på Viksjøfjell i Sør-Varanger er av same type som den i Skibotn og har ikkje kolfilter. Normal frekvens på filterskifte blei halde ved lag, og verdiane i figuren over er frå veke 12 til veke 20. Første påvising av radioaktivt jod på Viksjøfjell var i perioden 20.–27. mars, og det radioaktive stoffet blei påvist fram til 22. mai, rundt to månader seinare. Toppnoteringa var i veke 14 med ein vekeverdi på rundt $350 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$.

2.3 Sivilforsvaret sine målepatruljar

Sivilforsvaret sine målepatruljar gjennomfører regelmessige bakgrunnsmålingar på faste målepunkt. Målingane blir gjennomførte med eit måleinstrument av typen Automess. Dette er eit velprøvd, robust og anerkjent instrument som også blir brukt av Forsvaret og som eignar seg godt til bakgrunnsmålingar. Det ligg føre detaljerte instruksar for korleis måling skal skje [5].

Til forskjell frå Radnett-stasjonane som er kalibrerte i ambient dose equivalent $H^*(10)$, er Automess-instrumenta kalibrerte i storleiken luftkerma (K_a) og blir oppgitt med eininga $\mu\text{Gy/h}$. Forholdet mellom desse to storleikane⁶ er i praksis den same så lenge ein berre måler gammastråling (ikkje alfa- eller betastråling). Alle målingar som blir rapporterte frå Sivilforsvaret sine målepatruljar er frå gammastråling.


Bakgrunnsmålingane blir kontinuerleg rapporterte til Statens strålevern via ei dedikert nettside med informasjon om stråleintensitet, posisjon, tidspunkt, snødjupn og ev. nedbør på målepunktet. Totalt blei det rapportert inn 784 måleresultat i 2011 (vedlegg 1).

På dei neste sidene følgjer kart over dei forskjellige sivilforsvarsdistrikta med målepunkt og måleverdiar plotta inn. Ein kort kommentar følgjer til kvart kart. Resultata er basert på målingar som er rapport inn til Statens strålevern.

I tillegg til Sivilforsvaret si radiacmålesteneste rapporterer også nokre få andre etatar inn måledata til Statens strålevern. Det er nyleg oppretta eit målepunkt ved Beredskapseininga på Svanhovd, eit målepunkt ved Generalkonsulatet i Murmansk og fem målepunkt ved Sysselmannen på Svalbard. Det blei utført totalt ni målingar på desse punkta, og verdiane er presenterte i vedlegg 2.

⁶ $H^*(10) / K_a = 1,2$ for Cs-137 ved 662 keV [6]


2.3.1 Aust-Agder Sivilforsvarsdistrikt



Figur 48: Oversikt over gjennomførte målinger i Aust-Agder

I 2011 blei det rapportert 29 målinger frå 0,03 til 0,10 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,07 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.2 Buskerud Sivilforsvarsdistrikt



Figur 49: Oversikt over gjennomførte målinger i Buskerud

I 2011 blei det rapportert 56 målinger frå 0,01 til 0,10 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$. Seks av dei 56 målingane hadde verdiar på 0,01 $\mu\text{Gy/h}$, som truleg er feilrapporteringar. Ein kan sjeldan forvente bakgrunnsstråling lågare enn 0,03 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.3 Hedmark Sivilforsvarsdistrikt



Figur 50: Oversikt over gjennomførte målinger i Hedmark

I 2011 blei det rapportert 88 målinger frå 0,03 til 0,11 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,07 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.4 Hordaland Sivilforsvarsdistrikt



Figur 51: Oversikt over gjennomførte målinger i Hordaland.

I 2011 blei det rapportert 21 målinger frå 0,04 til 0,15 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,08 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.5 Midtre-Hålogaland Sivilforsvarsdistrikt



Figur 52: Oversikt over gjennomførte målinger i Midtre-Hålogaland

I 2011 blei det rapportert 21 målinger frå 0,04 til 0,10 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.6 Møre og Romsdal Sivilforsvarsdistrikt



Figur 53: Oversikt over gjennomførte målinger i Møre og Romsdal

I 2011 blei det rapportert 51 målinger frå 0,04 til 0,09 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.7 Nordland Sivilforsvarsdistrikt



Figur 54: Oversikt over gjennomførte målinger i Nordland

I 2011 blei det rapportert 58 målinger frå 0,05 til 0,12 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,07 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.8 Nord-Trøndelag Sivilforsvarsdistrikt



Figur 55: Oversikt over gjennomførte målinger i Nord-Trøndelag

I 2011 blei det rapportert 39 målinger frå 0,04 til 0,09 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.9 Oppland Siviltforsvarsdistrikt



Figur 56: Oversikt over gjennomførte målinger i Oppland

I 2011 blei det rapportert 63 målinger frå 0,06 til 0,12 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,08 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.10 Oslo og Akershus Siviltforsvarsdistrikt



Figur 57: Oversikt over gjennomførte målinger i Oslo og Akershus

I 2011 blei det rapportert 37 målinger frå 0,04 til 0,12 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,08 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.11 Rogaland Siviltforsvarsdistrikt



Figur 58: Oversikt over gjennomførte målinger i Rogaland

I 2011 blei det rapportert 55 målinger frå 0,04 til 0,14 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,08 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.12 Sogn og Fjordane Siviltforsvarsdistrikt



Figur 59: Oversikt over gjennomførte målinger i Sogn og Fjordane

I 2011 blei det rapportert 36 målinger frå 0,04 til 0,11 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,07 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.13 Sør-Trøndelag Sivilforsvarsdistrikt



Figur 60: Oversikt over gjennomførte målinger i Sør-Trøndelag

I 2011 blei det rapportert 59 målinger frå 0,05 til 0,14 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.14 Telemark Sivilforsvarsdistrikt



Figur 61: Oversikt over gjennomførte målinger i Telemark

I 2011 blei det rapportert 15 målinger frå 0,05 til 0,12 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,08 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.15 Troms Sivilforsvarsdistrikt



Figur 62: Oversikt over gjennomførte målinger i Troms

I 2011 blei det rapportert 28 målinger frå 0,03 til 0,10 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,05 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.16 Vest-Agder Sivilforsvarsdistrikt



Figur 63: Oversikt over gjennomførte målinger i Vest-Agder

I 2011 blei det rapportert 27 målinger frå 0,06 til 0,11 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,08 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.17 Vest-Finnmark Sivilforsvarsdistrikt



Figur 64: Oversikt over gjennomførte målinger i Vest-Finnmark

I 2011 blei det rapportert 36 målinger frå 0,04 til 0,12 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$.


2.3.18 Vestfold Sivilforsvarsdistrikt



Figur 65: Oversikt over gjennomførte målinger i Vestfold

I 2011 blei det ikkje rapportert målinger frå Vestfold Sivilforsvarsdistrikt.


2.3.19 Øst-Finnmark Sivilforsvarsdistrikt



Figur 66: Oversikt over gjennomførte målinger i Øst-Finnmark

I 2011 blei det rapportert 47 målinger frå 0,03 til 0,09 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,06 $\mu\text{Gy/h}$.

2.3.20 Østfold Sivilforsvarsdistrikt



Figur 67: Oversikt over gjennomførte målinger i Østfold


I 2011 blei det rapportert 18 målinger frå 0,06 til 0,18 $\mu\text{Gy/h}$, og gjennomsnittet i perioden er 0,10 $\mu\text{Gy/h}$.

2.4 Målinger frå den norske ambassaden i Tokyo

Som følge av Fukushima-ulykka blei det sendt eit måleinstrument til ambassaden i Tokyo for å gjennomføre målingar utanfor ambassadebygget. Formålet med desse målingane var å gi dei tilsette på ambassaden oversikt over situasjonen i Tokyo med tanke på eiga sikkerheit, og i tillegg gi informasjon til nordmenn i Japan. Målingane blei gjennomførte på tilsvarende måte som Sivilforsvaret gjer. Første måling blei gjort 17. mars 2011, seks dagar etter ulykka. Fram til midten av mai blei det gjennomført to målingar kvar dag. Deretter blei det gjort færre målingar og med større intervall mellom målingane. Siste måling blei gjort 12. juli 2012.

Figur 68 viser resultatet av desse målingene. Eitt punkt representerer ei innrapportert måling. Det blei gjennomført 224 målingar i perioden. Dei høgaste målte doseratane blei registrert i perioden 21. mars til 11. april med 0,28 $\mu\text{Sv/h}$ som høgaste enkeltverdi. Mot slutten av måleperioden er gjennomsnittet 0,07 $\mu\text{Sv/h}$.


I perioden 2. til 4. mai 2011 blei instrumentet brukt til målingar i Nagano. Det blei gjennomført fem målingar, og gjennomsnittet var 0,12 $\mu\text{Sv/h}$. Desse og resultata frå Tokyo er gjengitt i vedlegg 4.2.



Figur 68: Punktmålingar gjennomførte ved den norske ambassaden i Tokyo frå 17.3.2011 til 12.7.2012.

3 Konklusjon og diskusjon

3.1 Radnett



Figur 69: Oppsummering av Radnett i 2011. Alle stasjonane er lista opp frå nord til sør med gjennomsnitt for året, gjennomsnitt for vinter og sommar, i tillegg til høgast målte verdi.

Grafen i figur 68 oppsummerer måleresultata for Radnett i 2011. I tillegg til gjennomsnitt og maksverdi viser grafen gjennomsnitt for vinter og sommar. Vinter er månadene november til april, medan sommar er mai til oktober. Grafen viser tydeleg forskjell mellom vinter og sommar for fleire av stasjonane. Dette skuldast snø på bakken som dempar stråling frå grunnen i vinterhalvåret. Generelt er det høgare verdiar sør for trøndelagsfylka. Dette skuldast at det er meir naturleg radioaktivitet i berggrunn og jord i sør [1].

Det blei handtert fem alarmer i 2011. To av desse skuldast teknisk feil. To av alarmane skuldast kortvarig auke av nivåa på stasjonen på Kjeller. Utslaga var så låge at det ikkje var behov for større oppfølging. Siste alarmen skuldast radonutvasking.

Oppetida for og tilgjengelegheita av Radnett var generelt god i heile perioden. Det var seks tilfelle av nedetid utover 24 timar i 2011. Stasjonen på Drevsjø var nede heile året på grunn av problem med levering av straum. Ein forventar at stasjonen er tilbake hausten 2012. Stasjonen i Mehamn var nede i ca. to månader etter at han blåste ned og fleire av komponentane måtte byttast. Det same skjedde i 2010, og no er stasjonen flytta slik at han er mindre sårbar for storm. Stasjonen på Hitra blåste ned mot slutten av året og var ikkje tilbake i drift før mot slutten av januar 2012. Kautokeino, Molde og Kilsund opplevde kortare brot over nokre dagar som følgje av tekniske problem med stasjonen.

3.2 Luftfilterstasjonar

Med unntak av Fukushima-ulykka er kjelda til Cs-137 i all hovudsak nedfallet etter Tsjernobyl-ulykka i 1986 og nedfallet etter dei atmosfæriske prøvesprengingane på 50- og 60-tallet på Novaja Semlja.

På grunn av den lange halveringstida si (30 år) måler ein i dag Cs-137 meir eller mindre overalt i miljøet, medan I-131 med ei halveringstid på åtte dagar berre kan påvisast kort tid etter eit utslepp. I 2011 blei det påvist I-131 i luft over Noreg ved to tilfelle. Den eine gongen var etter Fukushima-ulykka i mars, og den andre gongen var etter eit utslepp frå eit farmasøytisk firma i Ungarn i november.

Dersom ein ser bort frå bidraget frå Fukushima-ulykka, viser data at konsentrasjonen av Cs-137 i luft ved dei tre nordlege luftfilterstasjonane er lågare enn konsentrasjonane ved stasjonane som er plasserte i sør. Dette skuldast at det generelt er meir igjen av nedfallet etter Tsjernobyl-ulykka i sør samanlikna med nord. Normalt vil ein gjennom eit år sjå noko variasjon i konsentrasjonen av Cs-137 i luft. Denne variasjonen medfører at det av og til blir virvla opp støv frå Tsjernobyl-nedfallsområde som blir fanga opp igjen av luftsugaren, dette blir kalla for resuspensjon og kan forklare enkelte forhøga nivå av Cs-137 i luft.

Det største avviket for Cs-137 frå normalnivået blei funne på eit dagsfilter frå Svanhovd i perioden 1.–2. april ($370 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$). Gjennom heile denne veka (veke 13-2011) blei det i gjennomsnitt målt rundt $160 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ som svarer til rundt 500 gonger gjennomsnittsverdien gjennom eit normalår for denne stasjonen. Dei fire andre luftfilterstasjonane hadde også sine toppnoteringar denne veka, alle med verdiar mellom $100 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$ og $120 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Kjelda til alle disse tilfella er Fukushima-ulykka.

Når det gjeld I-131, blei det påvist mest på eit dagsfilter (partikkelfilter) frå Østerås i perioden 30.–31. mars ($2800 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$). To dagar seinare hadde Svanhovd si toppnotering med $1900 \mu\text{Bq}/\text{m}^3$. Til samanlikning blei det etter Tsjernobyl-ulykka målt $2200 \text{mBq}/\text{m}^3$ ved Østerås (29. april 1986), dvs. at målingane etter Fukushima-ulykka ligg rundt ein promille (tusendel) av det som blei målt under Tsjernobyl.

